

Protokoll møte 01.2024 i generalforsamlinga i Sogn Sparebank

Møte i generalforsamling i Sogn Sparebank vart halde ved elektronisk deltaking via teams måndag 02.12.2024 kl. 18:00.

Følgjande saker vart handsama:

Sak 16.2024 Opning

Leiar i generalforsamlinga Roy Egil Stadheim opna møte i generalforsamlinga.

a) Namneoppøp

Sekretær i generalforsamlinga føretok namneoppøp, sjå vedlagt frammøteprotokoll.

Vedtak:

Namneoppøpet synte at det var 21 medlemar av generalforsamlinga med stemmerett, og generalforsamlinga er med dette vedtaksføre.

I tillegg var 5 styremedlem til stades i møte. Frå administrasjonen deltok adm. Banksjef, ass. Banksjef, leiar for kommunikasjon og kundeopplevingar og sekretær for generalforsamlinga.

b) Godkjenning av innkalling og sakliste

Møte er innkalla etter §8-3 i finansføretakslova, og innkallinga vart sendt til medlemane og varamedlemane i generalforsamlinga 11.11.2024. I følgje banken sine vedtekter § 3-8, og lova om finansføretak og finanskonsern (finansføretakslova) skal generalforsamlinga i føretak som ikkje er organisert som aksjeselskap eller allmennaksjeselskap, innkallast av styret. I følgje banken sine vedtekter § 3-8 skal innkallinga med saksvedlegg sendast medlemane i generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet.

Innkallinga til medlemane i generalforsamlinga er difor innanfor fristen som angitt ovanfor.

Vedtak:

Det er ingen merknad til innkallinga, og saklista vart samrøystes godkjent. Møtet er lovleg sett.

Sak 17.2024 Val av møteleiar

Generalforsamling gjorde framlegg om at leiar i generalforsamlinga Roy Egil Stadheim vart vald til å leia møtet.

Vedtak:

Leiar i generalforsamling, Roy Egil Stadheim, vart valt til å leia møte.

Sak 18.2024 Val av to til å underskrive møteprotokollen saman med leiar i generalforsamlinga

Leiar i generalforsamlinga gjorde framlegg om to personar, Anne Kauppi og Bjørn Ebne, til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

Vedtak:

Anne Kauppi og Bjørn Ebne var valde til å underskrive møteprotokollen saman med møteleiar.

Sak 19.2024 Val av to til å vere teljekorps

Leiar i generalforsamlinga gjorde framlegg om to personar, Krister Sveen Solheim og Even Gundersen Vee til teljekorps.

Vedtak:

Krister Sveen Solheim og Even Gundersen Vee vart valde til teljekorps.

Sak 20.2024 Vedtektsendringar

Leiar av valnemnda, Marta Sofie Vange, orienterte om framlegget til endringar i banken sine vedtekter Kapittel 4, § 4-1.1 Styret si samansetning. Etter endringane i vedtektene vedtatt under generalforsamlinga 17.04.2024 vart styret redusert frå 9 medlemer og 5 varamedlemer, til 5-7 medlemer og 5 varamedlemer. 5 styremedlemer med kvart sitt personlege varamedlem representerer kvar sitt geografiske område eller gruppe. Styremedlem 6 og 7 har ikkje varamedlem. Framlegg til at vedtektene vert endra slik at alle medlemer i styret har kvart sitt personlege varamedlem.

Vedtak:

Kapittel 4, § 4-1.1 Styret si samansetning vert endra slik at alle styremedlemer har kvart sitt personlege varamedlem. Endringa trer i kraft frå neste generalforsamling.

Sak 21.2024 Val i samsvar med lover og vedtekter

Leiar i sentral valnemnd, Marta Sofie Vange, gjorde greie for valnemnda si innstilling. Valet var leia av leiar i generalforsamlinga.

Vedtak:

STYRET

Namn	Periode	
Atle Terum	24/25	Aurland
Marit Røyrvik Eldegard	24	Årdal/ Lærdal
Olav Vikøren	24	Vik

Sindre Wergeland	24	EKbevis
Tone Kristin Myklebust Kvåle	24/25	Uavhengig
Marianne Sundal	24/25	Tilsette

Varamedlem til styret

Desse er valt av eigenkapitalbeviseigarane og tilsette::

Namn	Periode	
Magnus Johansen	24/25	EKbevis
Halvor Larsen	24	Tilsette

Øvrige varamedlemer er ikkje endra. Desse er som følger:

Namn	Periode	
Lars Loven	24	Aurland
Anne Kathrin Hæreid	24/25	Årdal/ Lærdal
Gyda Bøtun	24/25	Vik

NESTLEIAR I GENERALFORSAMLING

Suppleringsval då tidlegare nestleiar gjekk ut av generalforsamlinga.

Innstilt:

Namn	Periode
Olav Grøtnebø	24

VALNEMND

Suppleringsval på varamedlem i valnemnda frå eigenkapitalbeviseigarane, då tidlegare varamedlem gjekk ut av generalforsamlinga.

Har valt:

Namn	Periode
Jan Olav Fretland	24/25

Sogn, 02.12.2024

Møtet slutt kl. 18:17.

Roy Egil Stadheim s.
Leiar i generalforsamlinga

Anne Kauppi s.

Bjørn Ebne s.

FRAMMØTE PROTOKOLL GENERALFORSAMLING 02.12.2024

Generalforsamling

OFFENTLEG VALDE

MEDLEMER

Tor-Bjørn Hylland	Aurland
Anita Lærum	Aurland
Anne Kauppi	Årdal
Olav Grøtnebø	Lærdal
Roy Egil Stadheim	Vik
Marta Sofie Vange	Vik

KUNDEVALDE

MEDLEMER

Bjørn Ebne	Aurland
Even Gundersen Vee	Årdal/Lærdal
Anne Mårdalen	Vik
Per Aase	Vik

VARAMEDLEMER

Eva Laastad	Aurland
-------------	---------

EIGENKAPITALBEVISEIGARVALDE

MEDLEMER

Jan Olav Fretland	EK-bevis
Odd Reidar Øie	EK-bevis
Grzegorz Stefanski	EK-bevis
Asgeir Løno	EK-bevis
Kjell Arne Vigdal	EK-bevis

TILSETTEVALDE

MEDLEMER

Robert Haugen	Tilsette
Catrin Sandnes	Tilsette
Britt Grov Helland	Tilsette
Britt Julusmoen Bakk	Tilsette
Krister S. Solheim	Tilsette

Styret

MEDLEMER

Atle Terum	Aurland
Olav Vikøren	Vik
Sindre Wergeland	Ek-bevis
Marit R. Eldegard	Årdal/Lærdal
Halvor Larsen	Tilsette

Administrasjon

Mads Indrehus	Adm. banksjef
Gunnar Skahjem	Ass. Banksjef
Anette Huun Jevnaker	Sekretær generalforsamling
Ragnhild Skahjem Tofastrud	Kommunikasjon og kundeopplevelingar

NAVN SIGNATAR

Kauppi, Anne

IDENTITET

UN:NO-9578-5995-4-
333038

TID

02.12.2024
17:27:59 UTC

ELEKTRONISK ID

PersonBankID NO Qual.
Sogn Sparebank

NAVN SIGNATAR

Ebne, Bjørn

IDENTITET

UN:NO-9578-5995-4-
150354

TID

02.12.2024
17:29:03 UTC

ELEKTRONISK ID

PersonBankID NO Qual.
Sogn Sparebank

NAVN SIGNATAR

Stadheim, Roy Egil

IDENTITET

UN:NO-9578-5993-4-
1152204

TID

02.12.2024
17:55:59 UTC

ELEKTRONISK ID

PersonBankID NO Qual.
Sogn Sparebank

- Dette er et PDF dokument digitalt signert i Nets' E-Signing service.
- Dokumentet er integritetsbeskyttet ved at innholdet er signert og forseglet med et sertifikat utstedt til Nets av en tiltrodd tredjepart. En validering av denne signaturen vil bekrefte at innholdet ikke har blitt endret etter signeringstidspunktet.
- For mer informasjon om dokumentformater, se <https://www.nets.eu/developer>